

FILM FRÅ SØR

ROALD HELGHEIM



Den japanske filmen *Søstre* er eit høgdepunkt under Film frå Sør. Foto: Film frå Sør

Sør er større enn nord

Film frå Sør 2015 byrja i Iran og vert avslutta i Iran. Folk flest bur i Kina.

KOMMENTAR

ROALD HELGHEIM
roald@dagogtid.no

Der var eg, knapt halvvegs i festivalen som søndag blir avslutta med det iranske familiedramaet *I am Diego Maradona!* Filmen på halvvegen var Jia Zhangkes *Mountains May Depart*, ei kinesiske familiekronike skildra på reinhekle sosialrealistisk vis gjennom tre generasjonar, utan politisk pynt av noko slag.

Det hende under 25-årsjubileet for ein festival som sette ein standard frå første dag med *Taxi Teheran*, som er ein filmatisk kraftprestasjon like genial som nådelaus i måten å avsløre eit despotisk regime på. Sett i scene av Irans største filmkapar og drosjesjåfør, Jafar Panahi.

Over åtti filmar frå over

tretti land kan gjere nokon kvar motlaus. Tre filmar om dagen blir tretti i alt, til å bli tullerusk av. Eg har møtt større billettbankar, men i skrivande stund minnest eg den strålende vakre *Søstre* frå den japanske regissøren av *Som far så son*. Eg tenkjer på den skremmande satiriske fabelen *Presidenten* om diktatur og revolusjon av den iranske regissøren Mohsen Makmalbaf. Dokumentaren *Sweet Dicky For President* om Haiti, aktuell før presidentvalet 25. oktober.

Ein skulle ha vore deltakar i det kritiske rommet, ein skulle note meir japansk animasjon, sett meir *indiefilm*. Enno er det tid, før den største og beste festivalen i hovudstaden vert avslutta søndag.

Roald Helgheim er journalist i Dag og Tid.

Med lam frå Etiopia til

Med ein hjarteknusande film om ein etiopisk gut og lammet h laga den første etiopiske filmen vist i Cannes.

DRAMA

ROALD HELGHEIM
roald@dagogtid.no

Hovudpersonane i *Lamb* er vesleguten Ephraim og det kjære lammet hans, Chuni. Dei bur på den etiopiske landsbygda der den vesle familien må flytte då mor døy. Far reiser til Addis Abeba og overlèt guten til fjerne slektningar. Det er matmangel, og familien kastar blikket på dyret.

Den korte saga er at Ephraim rømmer med lammet sitt og legg ut på ei verkeleg hendingsrik reise, blant både folk og fe i det storslegne etiopiske fjellandskapet, mens søster til Ephraim reiser mot storbyen. Filmen er vist i hundre land, og han er ein av årets *Film frå Sør*-filmar laga med støtte frå Sørfond, etablert i Noreg for å gje støtte til produksjon av film i fattige land. Han vart vist i Cannes i seksjonen *Un Certain Regard*. I den 68 år gamle saga til Cannes-festivalen er dette den første etiopiske filmen som har nådd så langt.

BARNDOMENS RIKE

– Eg kjem frå Addis Abeba og har



– Vi har ingen tradisjon for film, men ein rik teatertradisjon.

Yared Zeleke, etiopisk filmregissør



Yared Zeleke har fått støtte frå Sørfond til filmen *Lamb*. Foto: Film frå Sør

aldri arbeidd med dyr før, men eg fekk støtte til ein mastergrad på landbrukshøgskulen på Ås, seier regissøren.

– Kva inspirerte deg til å lage filmen?

– Eg voks opp i ein periode med krig, diktatur og fattigdom

og måtte sjølv reise frå landet til USA då eg var ti år. I dag er Etiopia eit fredeleg, men fattig land.

GUTEN OG LAMMET

– Å lage ein film som dette kunne ikkje vere lett?

– Vi hadde 6500 personar på «audition», halvparten var barn, og det tok oss fem månader. Vi har ingen tradisjon for film i Etiopia, men vi har ein rik teatertradisjon. Å velje barn til hovudpersonen var ein krevjande prosess. Han var ti år gamal. Når det galdt lammet, hadde vi heile tida fem som vi kjøpte inn til rådvelde.

– Kva vil du med filmen?

Kvar er Himmelen over Havanna?

Laurent Cantets glitrande Cuba-film gjekk under jorda i heimlandet.

DRAMA

ROALD HELGHEIM
roald@dagogtid.no

Filmen som opna filmfestivalen i Tromsø og vart vist under Bergen Internasjonale Filmfestival, har gjort eit like sterkt inntrykk under Film frå Sør denne veka. I hovudrolla, fem middelaldrande vener som syng, dansar og drikk på eit hus-tak i Havanna, men som meir og meir viklar seg inn i eit eksistensielt drama rundt bordet. Fire er kunstnarar som takla det autoritære regimet på kvar sin måte. Forfattaren Amadeus valde eksil og er attende i gamlandet, men er det for å bli? Han blir hoggestabben i filmen.

Filmen får kinopremiere 27. november, men kva hende på

Cuba? Den nasjonale premieren skulle ha vore i desember i fjor. Han var velsigna av organet ICAIC som vaktar nålauget, men to dagar før premieren kom det kontrabeskjed ovanfrå. Det hende samstundes med forsoninga mellom Obama og Castro, ei rad kulturmeneske gjekk i bresjen for å få sleppt fil-

men fri, men ingenting hende. Før han brått vart vist under den franske filmfestivalen i Havanna, 2. og 3. mai.

Han er framleis forboden på Cuba, men lever sitt eige liv under jorda. På Film frå Sør er han med i hovudkonkurransen om prisen Sølvspeilet. Siste vising på festivalen er søndag.



Gamle vener under lang dags ferd mot natt i Havanna. Foto: Film frå Sør

Ei hamn for korrupsjon og

– Kriminalitet trugar sjølvrespekten i Sør-Afrika, seier

KRIM

ROALD HELGHEIM
roald@dagogtid.no

Carey McKenzie bur i heimbyen Cape Town, nær åstaden for filmen der hamna er porten til og frå verda, også når det gjeld kriminalitet. Ein kinesar knytt til eit internasjonalt shippingbyrå vert funnen død i sjøkanten. Politietterforskarer Sizwe Miya får saka. Han er no ein av dei få ikkje korruperte i politiet, han blir pressa frå alle kanter, men nektar å gje seg. Avsløring trugar eit internasjonalt selskap, og snart eksploderer det i eit drama som er meisterleg regissert.

– Mange svarte politifolk har bakgrunn i ANC, og i det verkelege livet slost hovudrolle-



Carey McKenzie, krimregissør i Cape Town. Foto: Roald Helgheim

innehavaren i filmen saman med den mest kriminelle, seier Carey McKenzie. Ho studerte ti år i USA og har bak seg filmene *Original Child Bomb* og *B is for Bomb*.

– For meg handlar det ikkje berre om hardkokt krim, men om ei undergraving av dei verdiene dette samfunnet etter apartheid skulle stå for. Smugling av muslingen abalon har vorte ein stor marknad for ei kriminell underverd som strekkjer seg til

«Etiopia vart kristna før Europa. I dag er fiende nummer éin fattigdomen.»

Yared Zeleke, filmregissør

Cannes

ans har Yared Zeleke



– Folket i Etiopia kjem frå ulike etnisitetar. Landet er herja av krigarar, men har aldri vore kolonisert. Etiopia vart kristna før Europa. I dag er fiende nummer éin fattigdomen, og tragedien er at mange reiser frå landet.

– Kva tenkjer du om flyktningstraumen frå sør?

– Eg meiner at om folk kunne velje, ville dei ikkje reist. Men fattigdom og krig gjev dei ikkje noko val, slik stoda er i mange land. No har eg laga ein film som er ein glad film. Han har alt fått prisar og er førehandsutvald til Oscar. Neste gong eg skal lage film, er det ikkje på landet, men i byen.

smugling

regissøren for *Cold Harbour*.

triadane i Kina. Politiet er ofte så korrump at stadig fleire særleg tyr til private vaktelskap til dømes når gjeld vakthald. Du kan teikne abonnement for vakthald av din eigen bustad

– Er du optimist?

– Eg har fått mykje merksemd for filmen, men eg er uroleg for kor lite dette vert snakka om i dette landet, seier Carey McKenzie.



Tony Kgoronge (t.h.) som ærleg politi i *Cold Harbour*. Foto: Film frå Sør



Marnie kjem på kino.

FRÅ SØR TIL KINO

Ti filmar som kjempar om publikumsprisen, kjem på kino:

Taxi Teheran
El Club
Himmelen over Havanna
Marnie – min hemmelige venninne
Dheepan
The Assassin
Søstre
An
The Pearl Button
Cemetery of Splendour

MAORI-ACTION

Toa Frasers film *The Dead Lands* frå New Zealand er noko så sjeldan som ein action om maoriane før vår tid. Festivalen nytta høvet til å lage ein eigen seksjon for urfolk, med to filmar til. Dag og Tid såg *The Dead Land*, der ein blodig stammekrig i tida før koloniseringa er ein kamp på liv og død mellom stammar leidde av Tane og Wirepa. Wirepa trur dei har vunne, men lét etter seg seg ein overlevande, Tanes son Hongi. Brølande krigarar mens blodet flyt, er ei kraftprøve også for publikum. Du får lyst til å brøle av hjartans lyst ute i det fri.



The Dead Lands

SWEET MICKY

Ben Patterson (biletet) laga dokumentaren *President Micky for President*, om den tidlegare Fugees-rapparen Pras, som etter jordskjelvet på Haiti i

2010 reiste attende til heimlandet for å starte ein presidentkampanje for rapparen Michel Marty. Kjendisar frå Hollywood var mellom støttespelarane.

Etter mykje hurlumhei vart han president i 2011, men har skuffa både tilhengjarane og doku-regissøren Dag og Tid tala med. Søndag 25. oktober er det nyval. Marty sit på åremål og kan ikkje ta attval.

Haiti var verdas første svarte sjølvstendige stat i 1804.

R. H.



Trond Espen Seim, Kingsford Siayor, Ine Jansen og Jonas Strand Gravli. Foto: Øyvind Eide

Satire og tragedie i svart og kvitt

Helikopter er ein vond og treffsikker samtidsfabel om velstandstomleik og kulturkrasj.

TEATER

NATIONALTHEATRET, AMFISCENEN:

Helikopter

av Angela Betzien

OMSETJING, REGI: CECILIE MOSLI.
 SCENOGRAFI, KOSTYME: MIJLA SALOVAARA

Å gå på teater er i utgangspunktet ein ganske borgarleg ting å gjere, og såleis er det alltid litt ukomfortabelt å verte konfrontert med teaterstykket som karikerer vår eigen borgarlege livsførsel og dei supertrygge vestlege levekåra våre. Men det er eit område, i utkanten av komfortsona, som vi av og til lyt gå rundt i. Vi kjem dit i det australske skodespelet *Helikopter* som no går på Nationaltheatret.

SKJELETT I SKÅPET

I ein nærast steril setting, med kremfarga møblar, vegger og klede, møter vi ein liten familie som jobbar hardt for å halde den perfekte fasaden stram og blank. Dei held seg til trening,

I ein steril setting møter vi ein familie som jobbar hardt for å halde fasaden stram og blank.

oppussing, medikament og psykoterapi og alt som greitt kan kjøpast for pengar, medan tenåringssonen går kjenslemessig for lut og kaldt vatn, endå om han logistisk sett er overhegna heilt frå fødselen av.

Ganske snart kjem det fram at det er skjelett i skåpet. Faren i huset har valda ei dødsulukke, køyrt over og drepe ei lita jente i den afrikanske nabofamilien. Onkelen til jenta dukkar opp som ein katalysator i «familie-

idyllen», og parallelt med mærritta til den unge sonen – han vert heimsøkt av talande dyr – får vi i raske trekk den grufulle bakgrunnshistoria til den afrikanske familien, før dei kom til eit land der dei trudde alt endeleg skulle verte så bra.

GÅR TIL ÅTAK PÅ LIKESÆLA

Stykket utviklar seg til eit hardtslåande åtak på den velkjende likesæla menneska ser ut til å leve med, både i høve til dei næraste og til omverda. Skodespelarane Trond Espen Seim, Ine Jansen, Kingsford Siayor og

debutanten Jonas Strand Gravli skaper heile og intense karakterar innanfor rammene til det lett stiliserte dramaet, og unge Gravli gjer ei sær lovande førstereis på Nationaltheatret.

I Cecilie Moslis stramme regi vert vi skaka av det som hender, endå vi av og til må le. Det rare er at det må ein eigentleg alltid – i ein god tragedie.

BENT KVALVIK

Bent Kvalvik er filmarkivar og fast teatermeldar i Dag og Tid.

«Alt har vorte nytt»?

Nynorsk i ny salmebok, bibel og liturgi

Seminar laurdag 7. november:

Uranienborg
 Menighetshus, Oslo,
 kl. 1000 – 1500:

Morgonsong (Laudes) –
 Henrik Ødegaard

Anders Aschim: *Bibel, liturgi og salmar*

Arve Brunvoll: *Salmar over havet frå vest*

Ralph Ditlef Kolnes: *Improvisasjon som bonespråk*

Improvisasjon –
 «Nattsalme» (Jon Fosse)
 – Andreas Utne, klaver +
 Trygve Seim, sax

Jan Ove Ulstein:
Salmar på dialekt

Bjørn Kvalvik Nicolaysen:
 Oppsummering og
 sluttkommentar

St. Dominikus kyrkje:
 18.00 Nynorsk messe – fr
 Haavar Simon Nilsen, OP

Søndag 8. november – Uranienborg kyrkje:

11.00 Nynorsk høgmesse – Ralph Kolnes
 Oslo kammerkor

Meir informasjon og påmelding på
www.nynorsklaget.wordpress.com

Uranienborg menighet • Nynorsklaget